

## **Nortura hevar prisane på kje over 7 kg.**

Prisen på kje over 7 kg har vore svert dårleg. Vi vil no teste marknaden og vi set opp prisen frå kl P+ og betre til same nivå som prisen på småkje. Det vil bety ein pris på Kl O på ca. 35 kr/kg + grunntilskot og distriktstilskot. ( Kje i klasse P og P- vil ikkje få auka pris )

Ordninga er berekna for kje som er fødde om våren og som har gått med mora på fjellbeite.

Dyra kan slaktast i 2 periodar, - før og etter toppsesongen på lam.  
Vi vil då ha slakting i følgjande veker.

Før lammesesongen i veke 34 og 36.

**Her må dyra vera påmelde til medlemsentera seinast 8 august.**

Etter lammesesongen slakting i veke 43 – 45 og 48.

**Her må dyra seinast vera innmelde til 1 oktober.**

Vi kryssar fingrar for at vi skal lukkast i marknaden.

Nortura 8 juli 2008

Asbjørn Alsaker  
verdikjedekoordinator.